



KFUK-KFUM  
speiderne

## FORELDREINFORMASJON VARDEN KFUK-KFUM SPEIDERE

Dette skrivet er meint som ein grei informasjon til dykk som foreldre. Det er ikkje så ofte vi treff de som foreldre, men gje oss gjerne ei tilbakemelding dersom de har noko på hjartet - både ros og ris!

<b><i>inndeling</i></b>	<b>Oppdager</b>	1. og 2. klasse ( gult skjerf)
	<b>Stifinner</b>	3. og 4. klasse (raudt skjerf)
	<b>Vandrar</b>	5. -10. klasse ( blått skjerf evt. grønt om patruljefører)
	<b>Rover</b>	10.klasse – 25år ( burgunder skjerf)
	<b>Leiar</b>	frå fylte 18 år (mørkeblått skjerf)

***kontingent*** Blir sendt ut sentralt frå Norges KFUK-KFUM speidere ca februar. Dersom speidaren startar om hausten, blir det sendt ut halv kontingent. Kontingenten består av fleire delar: den største delen går til Norges KFUK-KFUM Speiderne. Ein del går til Rogaland Krets av Norges K-M Speidarar. Denne delen er med å finansiere speidersekretæremnsom er tilsett her i Rogaland. Til slutt er det litt igjen til oss som vi skal drive arbeidet vårt lokalt med.

**NBNB:**  
***bileter på nett***

Heimesida vår er: <https://varden.kmspeider.no/>

Facebookside: **Varden KFUK-KFUM-speidere**

***heimeside***

På heimesida vil vi leggje inn semesterplanane for alle patruljene samt kontaktpersonar, viktige datoar m.m. Her ønskjer vi også å leggje inn diverse bileter frå aktivitetar, **MEN** dersom nokon av dykk ønskjer å reservere dykk for at de/speidaren dykkar ikkje skal leggjast ut, **MÅ** de gje beskjed til underskrivne. Dersom de ikkje gjev tilbakemelding, bekreftar de:

*«Jeg gir tillatelse til at det tas bilder av meg på arrangementet, som kan brukes i KFUK-KFUM-speidernes egne kanaler i sosiale medier, på våre nettsider varden.kmspeider.no. Er du under 15 år må samtykke gjøres sammen med en foresatt».*

Frå tid til annan blir det gjerne også ein liten artikkel i t.d. bydelsavisa eller menighetsbladet for Varden. Her blir gjerne

også bileter publisert. Likeeins på facebook. Gje beskjed om de ønsker å reservere dykk for bileter også her!

#### **møter**

Ungdomssenteret i Varden kirke, startar kl 1730, vér presis!  
(Obs! Følg med på Spond/semesterplanen – det kan av og til vere at patrulja har anna oppmøteplass enkelte møter!)

Alle patruljemøter er ferdig kl 1900. Dersom det er unntak, står dette på Spond/semesterplanen.



Vardenspeiderne bruker appen Spond for av/påmelding til speidarmøta og turar. Her står også oppmøtestad og om speidaren må ta med seg noko til møtet (lommelykt, kniv o.l)

Merk: Dersom speidaren ikkje har vore på møte 3 gonger på rad utan gyldig grunn, vil vi som leiarar ta kontakt med foreldre for å sjekke opp om speidaren har slutta. Ver vennleg å gje beskjed til oss dersom speidaren skal vere med på annan aktivitet over kortare tid. (send gjerne ein mail )

#### **skjerf**

speidaren får dette av gruppa ved opptagelse litt ut i semesteret.

#### **speidarskjorte**

Bestillast sjølv på :  
<https://www.speiderbutikken.no/speiderdrakt-startpakke.html>

#### **skjortemerker**

kretsmerket og WOSM/WAGGS merka har vi liggande, kostar hhv. 20 og 15 kr. (skal syast på venstre arm på skjorta)

#### **aktivitetsmerker**

får speidaren av gruppa når aktivitet er gjennomført syast på høgre arm på speidarskjorta dersom en har skjorte. Viss ikkje, oppbevar dei i ei eske til speideren får dette☺  
Slik skal merka syast på skjorta:

<https://varden.kmspeider.no/speiderskjerf-og-skjorte/category2180.html>

#### **kurs**

speidaren (13-14 års alder) vil få dekkja lokale kurs, samt patruljeførarkurs av gruppa. Kurs utover dette, må speidaren dekkje sjølv. Av dei litt større og dyrare kursa, vil vi vere til hjelp for søknad av støtte frå Frifond (støtteordning forbundet har), evt. krets og menigheit.

***forbundet***

sjekk forbundet/Rogaland krets sine sider for kurs, utstyr, info m.m.

<https://kmspeider.no/>

<https://rogaland.kmspeider.no/>

***turar***

vør vennleg å send med speidaren dykkar nok klede/skift! Vi har hatt fleire tilfeller der speidaren er for dårleg utstyrt. Hugs, sjølv om det er strålande sol når ein reiser, er det på desse kantar ikkje usannsynleg med sprutregn nokren timar seinare!

***ymse***

dersom ein ønskjer å ta med mat/kake e.l.i samband med t.d fødselsdagar, **må** de ta kontakt med leiar på førehand då vi har diverse allergiar ute å går. Det blir litt kjedeleg for evt. den eine i patrulja som ikkje får smake....

***grasrotandelen***

støtt Varden KFUK-KFUM speidarane gjennom tippinga☺  
Oppgje organisasjonsnr. vårt når de spelar: **987 777 222**

***Ros og ris???***

Gje tilbakemelding dersom det skulle vere noko de har på hjertet☺

***Dersom nokon av dykk foreldre der ute ønskjer å vere med litt som leiarar/medhjelparar, set vi pris på dette!***

Speidarhelsing,

Varden KFUK-KFUM  
vardenspeider@gmail.com



**GRASROTANDELEN** ☼

Støtt oss! Org nr. 987 777 222